

100 deltagarar både i fjelltrim og rebusløp

08.05.2011



Spreke jenter balanserte fint: Ingebjørg, Solveig og Ingvill

Det har ikkje vore så stor svikt likevel i deltakartalet i fjelltrimmen.

**Atskillige har gløymt å levera inn korta sine slik at det blir 100
deltakarar likevel. og det plar det vera.**

**Det opplyste turgruppeleiar Steinar Haugland då han gjorde resultata for i fjor kjent
på Heio i føremiddag. Det skjedde etter den årlege rebuser som også hadde
rundt rekna 100 deltagarar fordelt på 27 lag.**



Familien Haugland vann rebusløpet og her er Torbjørn

Som mange gonger før var det Arne Hauge som gjekk til topps i fjelltrimmen, denne gongen med så mykje som 2 647 poeng. I klassa for dei under 12 vann Veslemøy Haugland.



Veslemøy Haugland beste fjelltrimmar under 12

Nøttene i rebusløpet, som var etter tradisjonelt opplegg, var denne gongen laga av Bjørn Olav Tveit og Steinar Haugland. Fleire deltararar meinte dei var lettare enn i fjar. I alle fall var det ikkje så lett å finna svara. Her vart det spurt om alt frå keisar Augustus sine born til fiskefangstane i Uskedalselva.

Familien Haugland med Lars, Svanhild, Torbjørn og Johannes var dei skarpaste i rebustevlinga.



Familien Ripel i løypa: Knut Johannes, Emma (6) og Linnea (3)

Ein viss oppsikt laga 3 spreke jenter som sykla rundt dalen på syklar med eitt hjul under rebusrunden. Dei var Ingebjørg Haugland, Solveig Haugland og Ingvill Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen